



Alversund Montessoribarnehage AS
Alvermarka 41
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3523 - 17/5382

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2017

Vedtak om kommunalt tilskot 2017

Tilskot til ikkje- kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven § 14 og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2017.

Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

Tilskotet for dykkar barnehage har vi for 2017 rekna ut til:

	Sats	Tilskot 2017
Små barn (0-2 år)	181 902	3 638 040
Store barn (3-6 år)	86 335	2 685 978
Sum driftstilskot		6 324 018
Kapitaltilskot (staten sin sats)	8 600	439 556
Sum tilskot		6 763 573

Oversikten nedanfor viser kva som vert utbetalt kvar månad frå april til desember:

	Tilskot 2017
Samla tilskot 2017	6 763 573
Utbetalt 1. kvartal 2017	-1 712 766
Rest til utbetaling	5 050 807
Tilskot pr mnd april-desember	561 201

Reknearket som viser korleis tilskota har blitt rekna ut vil bli ettersendt på e-post.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.



Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager § 13.

Vi gjer og merksam på at Lindås kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Montessoribarnehage AS Alvermarka 41 5911

ALVERSUND